Telemark
FYLKESKOMMUNE

Arkivsak
26/00107-16
Sakshandsamar
Oda Marie Søli Langbach

Saksgang	**Møtedato**
Yrkesopplæringsnemnda	04.11.2026
Telemark ungdomsråd	05.11.2026
Hovedutvalg for utdanning, folkehelse og tannhelse	11.11.2026

Fast rapportering - møterekke 5 i 2026

Innstilling frå fylkesdirektøren
Rapporten blir teken til orientering.

Bakgrunn og saksgang
Hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse har bede fylkesdirektøren om fast rapportering på følgjande saker:

1. Status for byggjeprosjekta
2. Oversikt over høyringssaker innan ansvarsområdet frå utvalet som ikkje blir svart på av Telemark fylkeskommune
3. Status for arbeidet i Oppfølgingstenesta
4. Status for formidling til lærefag
5. Status nye lærebedrifter
6. Kontraktar ved opplæring i bedrift
7. Referat frå styremøte og representantskapsmøtet ved Fagskolen Vestfold og Telemark
8. Referat frå skuleutval og skulemiljøutval
9. Referat frå Fagforum
10. Ny strategi for USN 2027-2035

Saka blir lagt fram for Yrkesopplæringsnemnda og Telemark ungdomsråd til orientering. Hovudutval for utdanning og kompetanse gjer endeleg vedtak.

Saksopplysningar
Status for byggjeprosjekta
Porsgrunn vgs: Her har vi teke imot målpris 1,5. Det blir no jobba vidare mot målpris to.

Skogmo vgs: Entreprenør er no vald, og det er sendt ut brev til alle som var med i anbodsprosessen. Vi har per 06.10.26 ikkje teke imot nokon klager. Dersom det ikkje kjem inn nokon klager, vil det bli skrive kontrakt i veke 42.

Oversikt over høyringssaker innan ansvarsområdet frå utvalet som ikkje blir svart på av Telemark fylkeskommune

Høyring	**Motteke, referanse og høyringsfrist**	**Status**
Frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet: Forslag til særordning om overgang til anna opphaldsløyve på grunnlag av arbeid for fordrivne med kollektivt vern	Teke imot: 18.09.26 Saksdokument: 26/18642 Høyringsfrist: 30.10.26	Lite relevant for Telemark fylkeskommune. Vi uttaler oss ikkje.
Frå Kunnskapsdepartementet Høyring av forslag til endringar i opplæringslova § 14-5 om å presisere at skulane kan tilby elevane å vere med på gudstenester og andre seremoniar knytte til religionar og livssyn	Teke imot: 01.10.26 Saksdokument: 26/19196 Høyringsfrist: 06.01.27	**Forslaget er:** § 14-5 skal lyde: § 14-5. Forbu mot forkynning Opplæringa skal ikkje vere forkynnande. Skulane kan tilby elevane å vere med på gudstenester og andre seremoniar knytte til religionar og livssyn. Lite relevant for Telemark fylkeskommune og manglande kapasitet. Vi uttaler oss ikkje.
Frå Kunnskapsdepartementet Forslag til endringar i opplæringslova og privatskulelova om plikt til smågruppeundervisning og fjerning av krav om leksehjelp	Teke imot: 07.10.26 Saksdokument: 26/19394 Høyringsfrist: 07.01.27	Gjeld organisere av opplæringa på 1.-2. trinn i lesing, skriving og rekning mm. Gjeld kommunane. Lite relevant for Telemark fylkeskommune. Vi uttaler oss ikkje.
Frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet: Forslag til endringar i integreringslova m.m. (permanente	Teke imot: 08.10.26 Saksdokument: 26/19408	Ingen endringar som gjeld fylkeskommune ansvar.


beredskapsheimlar for å handtere ev. framtidige høge innkomstar av asylsøkjarar)	Høyringsfrist: 14.12.26	Lite relevant for Telemark fylkeskommune. Vi uttaler oss ikkje.
Frå Kunnskapsdepartementet Forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån Forskrift om godkjenning for utdanningsstønad i Noreg	Teke imot: 12.10.26 Saksdokument: 26/19546 Høyringsfrist: 23.11.26	Lite relevant for Telemark fylkeskommune. Vi uttaler oss ikkje.

Status for arbeidet i Oppfølgingstenesta


Rapportering frå Oppfølgingstenesta den 08.10.26

Under blir vist oversikta over ungdom som er tilmeldt Oppfølgingstenesta (OT) pr.08.10.26. **Delen av ungdom er 1942**. Oversikta viser at ein stor del er registrert på NAV (422 stk.) og ein stor del er registrert i arbeid (355 stk.) Oppfølgingstenesta jobbar også fråfallsforbyggjande med elevar og lærlingar. Her er delen 236 stk.

Dei resterande ungdommane har Oppfølgingstenesta jamleg kontakt med, anten i form av råd og rettleiing, aktivitetstilbod og arbeidspraksis med meir.
Oppfølgingstenesta har hatt ein nedgang i talet på tilmeldte skuleåret 26/27. Dette kjem av i hovudsak at vi har venta med å overføre ungdommar som har rett på meiropplæring (Statuskode; OSMO).



Som tidlegare beskrive, ser vi ei stor endring i delen som er tilmeldte frå skuleåret 25/26. Dette heng saman med at vi ikkje har overført ungdommar med rett til meir opplæring. Desse blir overført februar 2027.



Status for formidling til lærefag
Sjå vedlegg «Formidling til læreplass 09.10.2026»

Status nye lærebedrifter
Sjå vedlegg «Nye bedrifter 09.10.2026»

Kontraktar ved opplæring i bedrift
Sjå vedlegg «Lærekontraktar - utvikling og historikk 09.10.2026»

Referat frå styremøte og representantskapsmøtet ved Fagskolen Vestfold og Telemark
Sjå vedlegg «Protokollar Fagskolen Vestfold og Telemark»

- Protokoll frå Styremøte 12.10.2026

Referat frå skuleutval og skulemiljøutval
Viser til følgjande referat (sjå vedlegg «Referat frå skuleutval og skulemiljøutval»):

- Bamble vgs. 30.09.26
- Skien vgs. 30.09.26

Referat frå Fagforum
Møte i fagforum blir denne hausten halden i oktober og november. Referat blir vedlagt i sak til møterekke ein i 2027.

Ny strategi for USN 2027-2035
Telemark fylkeskommune har i september sendt innspel til ny strategi for USN 2027-2035.
Strategien løfter fram fire strategiske prioriteringar:
1) Forsking med høg kvalitet og kunnskap om samfunnet
2) Utdanningar for framtidas kompetanse
3) Menneske som byggjer universitetet
4) Levande campus i eitt universitet

Uttala (sjå vedlegg «Innspill fra Telemark fylkeskommune til ny strategi for USN») er utarbeida av administrasjonen med innspel frå fleire sektorar og er vidare godkjent av leiargruppa før utsending.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka er ei informasjonssak og har ingen direkte økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Saka har ingen særskilde merknader knytte til klimamålet i fylket eller FN sine bærekraftsmål.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at informasjonen i saka følgjer opp ønsket om fast rapportering på ein god måte på dei etterspurde område.

Vedlegg:
Formidling til læreplass 09.10.2026
Nye bedrifter 09.10.2026
Lærekontraktar - utvikling og historikk 09.10.2026
Referat frå skuleutval og skulemiljøutval
Protokoll fra styremøte 12. oktober
Innspill fra Telemark fylkeskommune til ny strategi for USN